



Dato: 05.10.2016  
Arkiv: K2 - S05, K3 - &13  
Vår ref (saksnr.): 16/1731-5  
Journalpostid.: 16/29520  
Dykkar ref.:

Landbruks- og matdepartementet

### **Høyringsuttale frå Time kommune - lov om endring av konsesjonslova, jordlova m.fl.**

Vedlagt sendar me høyringsuttalen frå Time kommune i Rogaland. Diverre litt seint i høve til uttalefristen, men me held føre at det går greit likevel med omsyn til at me mottok saka midt i sommerferieavviklinga på kontoret, og då Formannskapet ikkje kunne få saksframlegget frå administrasjonen før til møtet deira i går. Vi seier oss lei for dette.

Med helsing

Kirsten Smedvig  
jordbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur*



## HØYRINGSUTTALE - FRAMLEGG TIL LOVENDRINGAR I KONSESJONSLOVA, JORDLOVA OG LOV OM ODELS- OG ÅSETESRETTE

### Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Time formannskap	105/16	04.10.2016

### Framlegg til vedtak:

*Time kommune rår frå at konsesjonslova, jordlova og lov om odels- og åsetesretten vert endra som føreslått i høyringsdokumenta av juni 2016 frå Landbruks- og matdepartementet.*

### **Time formannskap**

Forslag frå **Staae Grude Haaland, H:** Saka blir trekt.

Forslaget frå Staae Grude Haaland fekk 4 røyster og falt. (3 H, 1 FrP)

Framlegget vart vedtatt med 5 mot 4 røyster (3 H, 1 FrP).

### **FSK-105/16 Vedtak:**

*Time kommune rår frå at konsesjonslova, jordlova og lov om odels- og åsetesretten vert endra som føreslått i høyringsdokumenta av juni 2016 frå Landbruks- og matdepartementet.*

# HØYRINGSUTTALE - FRAMLEGG TIL LOVENDRINGAR I KONSESJONSLOVA, JORDLOVA OG LOV OM ODELS- OG ÅSETESRETTE

## SAKA GJELD

Framlegg frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) om større endringar av konsesjonslova, odelslova og jordlova. Sjå høyringsbrev, høyringsnotat m.m. inntekne som vedlegg i saka her. Høyringsfristen er sett til 26.09.2016.

## SAKSOPPLYSNINGAR

Time formannskap hadde og i FSK.sak 002/14 den 21.01.2014, høyringssak om oppheving av regelen om priskontroll for landbrukseigedom til behandling. Mot innstillinga frå rådmannen vart det gjort fleirtalsvedtak om å rå til opphevinga av § 9, 1. ledd, i konsesjonslova i tråd med Regjeringa sitt framlegg.

Time kommunestyre behandla same høyringssaka om priskontrollen i møte den 18.02.2014 etter mindretalsanke frå formannskapet. Kommunestyret gjorde fleirtalsvedtak i K.sak 004/14 om å rå frå oppheving av priskontrollen.

Time formannskap behandla så i møte den 02.12.2014, FSK.sak 076/14, framlegg frå departementet om å oppheve konsesjonslova inkludert priskontrollen og buplikta på landbrukseigedom. Det vart mot innstillinga frå rådmann gjort fleirtalsvedtak om å støtte departementet sitt opphevingsframlegg.

Time kommunestyre behandla den 09.12.2014 same høyringssaka om oppheving av konsesjonslova m.m. etter mindretalsanke frå formannskapet. Det vart gjort fleirtalsvedtak i K.sak 071/14 om å rå frå opphevinga av konsesjonslova inkludert priskontrollen og buplikta.

Framlegget om oppheving av konsesjonslova vart ikkje vedtatt av Stortinget.

LMD gjer no i det vesentlege framlegg om følgjande endringar (ref. høyringsnotatet av 27.06.2016):

- Heve arealgrensa for konsesjonsplikt ved erverv av «bebygd» eigedom, odell og buplikt – frå 25 dekar fulldyrka og overflatedyrka til 35 dekar. (kap. 2)
- Innføring av heimel i konsesjonslova for departementets tilgang til å gi forskrift for beløpsgrense for priskontroll. (kap. 3)
- Oppheving av priskontroll for reine skogeigedomar (kap. 3)
- For eigedomar som består av både jord og skog, og skal nyttast til landbruksformål skal det vere priskontroll:
  - Alternativ 1: på «bebygde» eigedommar dersom eigdommen har meir enn 35 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord.
  - Alternativ 2: også på «ubebygde» eigedommar dersom eigdommen har meir enn 35 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord. (kapittel 3)
- På visse vilkår vert det fastsett unntak frå plikta til å søkje delingsamtykke etter jordlova og plikta til å søkje konsesjon om ervervet gjeld jord eller skog som skal leggjast til ein annan landbrukseigedom for å styrke drifta av denne. (kapittel 4)
- På visse vilkår vert det fastsett unntak frå plikta til å søkje delingsamtykke etter jordlova og endringar i føresegn om unntak frå konsesjonsplikta om ervervet gjeld

tomt til bustadhus, fritidshus eller naust. (kapittel 5)

- Oppheving av sanksjonsmoglegheita til landbruksmynde til å inngå avtale om bortleige av jord når pålegg om bortleige eller tilplanting ikkje vert etterkome, og oppheving av desse vilkåra for å oppfylle driveplikta ved bortleige:
  - Vilkåret om at leigeavtalane må vare i minst 10 år.
  - Vilkåret om at jordbruksarealet skal vere «tilleggsjord til annan eigedom».
  - Vilkåret om at avtale må føre til driftsmessig gode løysingar. (kapittel 6)
- Endeleg vedtak om tilbakebetaling av tilskot vert tvangsgrunnlag for utlegg gjennom innføring av ei føresegn om dette i jordlova.(kapittel 7)

## VURDERING

Konsesjonslova for fast eigedom har til føremål å regulere omsetnaden av fast eigedom for å sikre at arealressursane i landet kan bli nytta på den måten som er mest gagnleg for samfunnet.

Hovudregelen er at kjøp av all fast eigedom krev konsesjon eller samtykke frå styresmaktene. Men lova har omfattande unntak frå konsesjonsplikta, som gjer at dei aller fleste vanlege kjøp av eigedom ikkje krev konsesjon. Det som pr. i dag står att som konsesjonspliktige kjøp er stort sett større landbrukseigedomar (meir enn 100 dekar totalt eller meir enn 25 dekar dyrka jord), og einkilde større eigedomar utan hus. Det er og unntak frå konsesjonsplikt om kjøparen er i nært slektskap/familie med seljaren og om han har odelsrett til garden. Den såkalla priskontrollen på landbrukseigedom, som formannskapet og kommunestyret hadde høyringssak på i 2014, er ein del av konsesjonslova. Det same gjeld buplikta for den som tek over landbrukseigedom.

Hovudtanken bak konsesjonslova, både den førre lova som kom i 1974 og den nye lova frå 2003, har vore å finne balanse mellom den private eigedomsretten til areal og det behovet samfunnet har for evt. å sikre andre arealinteresser enn dei den aktuelle eigaren sjølv måtte ha. Arealgrunnlaget er privat eigedom på den eine sida, men det er og eit felles ressursgrunnlag for alle som bur i landet. Også dei som ikkje sjølv eig jord og grunn har legitime interesser i korleis arealgrunnlaget for samfunnet vert forvalta, til matproduksjon og/eller andre føremål. Det viktigaste omsynet bak dei landbruks- og arealpolitiske verkemidla er omsynet til å oppretthalde og styrke matproduksjonen i eit land med låg eigenproduksjon av mat i høve til behovet. Folketalet i landet veks, og det er trong for å auke matproduksjonen for å sikre at folket får den maten som trengs, også om den internasjonale handelen med mat skulle endre seg. Sjølveigande bønder med tilfredsstillande økonomiske rammevilkår er eit viktig grunnlag for høg matproduksjon.

I dag kan landbrukseigedom over ein viss storleik berre kjøpast av den som vil busette seg på eigedomen for å drive den sjølv; altså vil bli sjølveigande bonde. Om konsesjonslova med buplikta og priskontrollen no vert ytterlegare svekka/fjerna, kan landbrukseigedom kjøpast til høgare prisar av kjøparar som gjerne vil eige, men ikkje drive. På denne bakgrunn har Stortinget gitt lovreglar som avgrensar den private eigedomsretten, og som set krav til dei som skal vere eigarar av så sentrale delar av det felles ressursgrunnlaget som jorda er.

Framlegga til endringar i lovreglane som her ligg føre til uttale vil føre til ei svekking av

konsesjonslova og jordlova som det vesentlege styringsmiddelet for arealdisponeringa i landet. Ut frå det forhold at Stortinget jo har sett vesentlege mål om å auke matproduksjonen i landet, busetting i distrikta og lønnsemd i landbruksnæringa, harmonerer det ikkje heilt med lovendingane som no er sendt på høyring. Rådmannen kan heller ikkje sjå at endringsframlegga vil føre til nokon regelverksforenkling; heller tvert om.

## **KONKLUSJON**

Rådmannen vil rå frå lovendingane som her er ute på høyring.

Rådmannen i Time, den 13.09.2016

Brit Nilsson Edland

### Vedlegg:

Høring. Forslag til lov om endring av lov om konsesjon, lov om jord og lov om odelsretten og åsetesretten

Høringsnotat 21 juni 2016

Kommunestyresak 071/14

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur*

